



Ny fordeling museumstilskot – sak til drøfting i SiS

Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS) er orientert om at Sogn og Fjordane fylkeskommune i samband med handsaming av sitt budsjett for 2014 vedtok at fylkeskommunen sitt driftstilskott til musea i Sogn og Fjordane skal reduserast frå ca 31% i 2013 til 25% i 2017. Vi er òg kjende med at fylkeskommunen har bedt Musea i Sogn og Fjordane om å gå inn i forhandlingar med kommunane for å auke kommunane sine tilskott frå ca 10% til 15%. Musea i Sogn og Fjordane har til orientering vore i møte hos SiS, 25. april 2014, der dette vart nærare presentert.

SiS drøfta dette på sist møte, dagsett 30. mai 2014, og presenterte problemstillingane slik:

- Fordeling av kostnadane mellom kommunane og fylkeskommunane
- Kva fordelingsnøkkel skal nyttast for fordeling av kostnadane mellom kommunane?

SiS gjorde i møte 30. mai 2014 vedtak om at ein ikkje aksepterer fylkeskommunen sin modell for endra fordelingsnøkkel mellom fylkeskommune og kommunane med omsyn til driftstilskot til musea i Sogn og Fjordane frå 2017, slik den no ligg føre. SiS meiner det er naturleg at vidare drøftingar om dette vert gjort direkte med fylkeskommunen.

Med helsing

Mathias Råheim
Leiar av SiS /s/

Trond Ueland
Sekretær for SiS